

Møteinnkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Dr. Holms hotell, Geilo

Dato: 23.05.2018

Tidspunkt: 08:30

Velkommen til seminar og styremøte på Geilo!

Vi samlar Hallingskarvet nasjonalparkstyre, Nærøyfjorden verneområdestyre, Stølsheimen verneområdestyre, Folgefonna nasjonalparkstyre, Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og Breheimen nasjonalparkstyre til erfaringsutveksling og gode diskusjonar om besøksstrategiarbeidet.

Samlinga skal vera på Dr. Holms hotell på Geilo den 22. og 23. mai. Vi begynner med lunsj kl. 11, sjå tidlegare tilsendt program.

For de av dykk som skal vidare til kommunekonferansen i Balestrand skal dette gå greitt å kombinere. Etter styremøte onsdag morgen på Geilo er det ca 2,5 time til Balestrand, og de rekk fint å komme fram utover dagen.

Ivar Kvalen, Jarle Aarvoll, Karen Marie Hjelmeseter, Venke Kollbotn og Sven Flo har meldt seg på. Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 93664256.

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhold	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 15/18	Orienterings- og drøftingssakar:		
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oppsummering av seminar om besøksstrategi på Geilo 2. Utfordringar med sperregjerde Briksdalen 3. Om Kattanakken og nasjonale turiststier, FM si handsaming av tiltak utanfor vernegrensa, FK løyvd midlar 4. Kontrakt for stirrapport og ROS-analyse Kattanakken 5. Granfelling i Sunndalen, statusoppdatering 6. Mediesaker sidan sist 7. Ferdig rapport: Bruk og brukarar av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017 <p>https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2494594</p> <ol style="list-style-type: none"> 8. Statssekretær i KLD, Atle Hamar, på besøk i Sogndal 9. Jostedalsbreen nasjonalparksenter har fått midlar til utvikling 10. Styreleiar om status på Kjettingsaka 11. Drøftingssak: Bruk av råmaterialet frå nasjonalparkfilmen til andre føremål, førespurnad frå Visit Sognefjord 		
RS 9/18	Varsel om oppstart av arealdel til kommuneplanen Sogndal 2018 - 2028		2018/1750
RS 10/18	Ledig engasjement innan miljøvern ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		2018/1473
RS 11/18	Skålatarenet, vedovn er låst		2013/3607
RS 12/18	Femårig løyve til motorisert fraktoppdrag med helikopter til Skålatarenet - inkludert vedtak på søknad om ekstra landing med helikopter ved Skålabu 2018 - Bergen og Hordaland turistforening		2018/1178
RS 13/18	Vedtak på søknad om motorferdselsløyve i samband med produksjon av panoramafilm til Norsk Bremuseum i Fjærland - Falkeblikk AS.		2017/3489
RS 14/18	PhD-prosjekt i Fjærland - Sedimentfangar i Bøyabrevatnet		2018/1641

RS 15/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - ds- ekstra landing med helikopter ved Skålabu 2018 - Bergen og Hordaland turistforening	2018/1178
RS 16/18	Søknad om dispensasjon fra kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av nytt bygg på same stad på Sunndalssetra - vedtak	2017/2023
RS 17/18	Statusoppdatering for arbeidet på selet på Sunndalssetra - Mons Rune Guddal	2016/1754
ST 16/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - gjerde og platting framfor sel på Sunndalssetra - g/bnr 14/3	2018/1399
ST 17/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til restaurering av drifteveg i Sunndalen i Stryn.	2018/1375
ST 18/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterfrakt og vedlikehald på sel på Erdalssetra - Harald Berge	2018/1569
ST 19/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - fireårig løyve til helikoptertransport - Flatbrehytta	2018/1568
ST 20/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - klagehandsaming av sak om storselet på Sunndalssetra - Andersbruket 17/3	2017/2023
ST 21/18	Eventuelt Møtedato neste styremøte: veke 24	

ST 13/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 14/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 15/18 Orienterings- og drøftingssakar

RS 9/18 Varsel om oppstart av arealdel til kommuneplanen Sogndal 2018 - 2028

RS 10/18 Ledig engasjement innan miljøvern ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

RS 11/18 Skålatårnet, vedovn er låst

RS 12/18 Femårig løyve til motorisert fraktoppdrag med helikopter til Skålatårnet - inkludert vedtak på søknad om ekstra landing med helikopter ved Skålabu 2018 - Bergen og Hordaland turistforening

RS 13/18 Vedtak på søknad om motorferdselsløyve i samband med produksjon av panoramafilm til Norsk Bremuseum i Fjærland - Falkeblikk AS.

RS 14/18 PhD-prosjekt i Fjærland - Sedimentfangar i Bøyabrevatnet

RS 15/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - ds- ekstra landing med helikopter ved Skålabu 2018 - Bergen og Hordaland turistforening

RS 16/18 Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av nytt bygg på same stad på Sunndalssetra - vedtak

**RS 17/18 Statusoppdatering for arbeidet på selet på Sunndalssetra -
Mons Rune Guddal**



Arkivsaksnr: 2018/1399-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 15.05.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	16/18	23.05.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - gjerde og plutting framfor sel på Sunndalssetra – Mons Rune Guddal

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.1, første ledd, avslag til Mons Rune Guddal og Hans Guddal, for å byggje plutting og gjerde utanfor selet til gards- og bruksnummer 14/3 på Sunndalssetra, som omsøkt.

Avslaget er grunngjeve med at det omsøkte tiltaket ikkje er i tråd med byggesikken for sel i nasjonalparken, og vil kunne ha ein presedensskapande verknad på andre sel og stølsområde. Den omsøkte plattingen og gjerdet vil kunne ha ein privatiserande effekt, og gje selet meir hyttepreg enn det opphavlege selet hadde.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil likevel opne for å kunne ha ein steintrapp, om lag i breidde med dørene, framfor selet, for å sikre god inn- og utgong.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad med vedlegg frå Mons Rune Guddal til nasjonalparkstyret datert 8.4.2018
- Telefon og e-postutveksling med Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ kulturminnerådgjevar Knut I. Åland.
- Tidlegare løyve frå nasjonalparkstyret i sak 29/16.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldlova)
- Forvaltningsplan med tilhøyrande kart for Jostedalsbreen nasjonalpark, frå 1994
- Lovkommentar til plandelen i PBL side 93 om LNF-område bokstav a.




Søknaden

Mons Rune Guddal søker på vegner av sin far, Hans Guddal, som eig sel nr 14/3 på Sunndalssetra i Stryn kommune, om løyve til å bygge ein platting og setje opp gjerde framfor selet sitt på Sunndalssetra. I søknaden vert tiltaket skildra slik: *Tanken er å lage til ein lav mur frå sky/leveggen bort til steinen på hjørnet av selet og vidare langs framsida av selet (vedlagt skisse). Dette er for å få fyllt inn masse og planere området framfor selet (litt i samme stil som ved «juaselet», til høgre for vårt sel). Overflata blir av gras/steinheller. Det blir ingen høg mur, berre høg nok til å kunne lage området plant. For å få selet ut av molda og i vater vart grunnmuren så høg som den vart i framkant. Muren kan kanskje virke litt massiv imotsetning til slik det var før restaureringa, vi meiner at selet vil bli betre inn i terrenget viss vi planerar og lagar det slik som skisset. Når det gjeld Stein og mold har vi allereide ein del av det rundt selet frå då vi holdt på med grunnarbeida, men vi må nok supplere litt frå der vi har henta masse før. Ønsket med å få ordna til framfor selet bunnar også i å ha eit triveleg område framfor hytta. Sætra blir stort sett berre brukt i sommarhalvåret og når sela er så små som dei er og været er bra er ein sjølvsagt mykje ute. Då er det lite triveleg å stige ut i sau/ku-drit når ein går ut av selet. Vi ønsker derfor også å lage eit lavt gjerde oppå muren, akkurat høgt nok til å holde dyra ute. (...)*

Søkjar skriv også at nasjonalparken gjerne må komme med innspel til utforminga. Gjerdet vil bli permanent, og søkjar skriv at ei permanent løysing blir penare enn straumgjerde for å halde dyra ute. Vedlagt søknaden ligg også nokre bilete frå tidlegare forsøk på å gjerde dyr ute frå seltrappa (sjå biletet).

Tiltaket slik det er omsøkt, med gjerde og platting, skisse:







Tiltaket slik det er omsøkt, med gjerde og platting, med raud markering i terreng:



Planere slik at ein kjem opp i høgde med berget



Tidlegare gjerde, jf gamle bilete vedlagt søknaden:





Lovgrunnlag


I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i § IV, punkt 1.1: *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av bygningar, gjerde og anlegg, (...), graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, (...), bakkeplanering, (...) Opplinga er ikke uttømmande.* I punkt 1.2., første strekpunkt står det: *Reglane er ikke til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikke endrast, bygjast om eller utvidast, (...)* Punkt 1.3, første strekpunkt, seier at *Forvaltningsstyresmakta (...) kan når særlege grunner ligge gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området, (...).* (Forvaltar si understrekning.)

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av kulturminna og kulturlandskapet, som er eitt av dei tre føremåla med vernet. Tiltaket skal difor også vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...).*».

I styremøtet den 20.06.2016 i sak 29/16 fekk Mons Rune Guddal løyve av nasjonalparkstyret til å byte ut botnstokkar, endre takmaterial frå bølgjeblekk til torv, kle dei tre ytterveggane unntake framveggen, samt setje opp ein ringmur av leca under selet med forblending av tørrmura naturstein. Nasjonalparkstyret gav også løyve til å ta ut torv i nærleiken av stølsvollen for bruk på taket, samt helikoptertransport for frakt av utstyr og material.

Vurdering

I den opphavlege byggeendringssøknaden var følgjande teikning av slik selet skulle sjå ut etter at arbeidet er ferdig (sjå teikning). Ut i frå planane skulle døra på selet og døra på det vetele tilbygget på vestveggen være i jamn høgde, og muren selet skulle stå på skulle være ganske låg (to høgder med stein). Dette var noko av kunnskapsgrunnlaget i søknaden som nasjonalparkstyret gav løyve på grunnlag av.



Når det no, i søknaden om plattning, står at: *Muren kan kanskje virke litt massiv imotsetning til slik det var før restaureringa, vi meiner at selet vil bli betre inn i terrenget viss vi planerar og lagar det slik som skissert*, så vurderer nasjonalparkforvaltaren at det blir feil å gje løye til å planere, bygge opp og fylle på masse på eit anlegg som truleg ikkje hadde vore like naudsynt dersom tiltakshavar hadde holdt seg til dei opphavlege omsøkte skissene.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har skriftleg fått oversendt saka til uttale, og har valgt å uttale seg via telefon til forvaltar. På telefon seier kulturminnerådgjevar Knut I. Åland at plattningar og gjerde framfor sel ikkje er i tråd med tradisjonell byggeskikk, og ber styret nøyne vurdere faren for presedens. Han uttalar at ei eventuell endring av bygget jf. søknaden vil gje bygget eit meir fritidspreg/hyttepreg enn det som er opning for i LNF-område bokstav a i plan- og bygningslova.

Når det i verneforskrifta står at gjerde og anlegg, påfylling av masse, og bakkeplanering ikkje er lov, så vurderer forvaltar at det blir ei utholing av regelverket om søkjær skal få innvilga søknaden sin. I eit stølsområde bør ein også kunne forvente og akseptere at det går beitedyr utanfor døra på eit sel. Sunndalssetra med sine sel og fjøs var nettopp etablert i si tid for å kunne drive med landbruk, og nasjonalparkstyret gjør, sommaren 2018, tiltak for å betre framkomsten for beitedyra på driftevegen til Sunndalssetra. Dersom alle sel skal ha plattningar og gjerde for å kunne halde trammen fri for skit, så blir det potensielt mange gjerde på murar på setrane, noko som også Fylkeskommunen vil rá i frå.



Ved bakkeplanering og muring på nye stader kan ein også risikere å øydelegge spor og kulturminne frå tidlegare tider. Kulturminne er eitt av verneføremåla, og framtidas arkeologar vil kunne finne spor i marka vi ikkje har kartlagt i dag.

Forvaltar vurderer at ein steintrapp/steinhelle i same breidde som døra på selet og døra på tilbygget/skjulet ikkje treng vurdering og løyve etter verneforskrifta, og at dette er heilt i orden.



Arkivsaksnr: 2018/1375-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 15.05.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	17/18	23.05.2018

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til restaurering av drifteveg i Sunndalen i Stryn.

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve til:

1. Utbetring av driftevegen i Sunndalen i tråd med Utmarksressurs sin rapport. Det inkluderer tiltak som muring, steinsetting, utbreidding, grøfting med meir.
Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. 1.3

2. Naudsynt motorferdsel i samband med tiltaket i punkt 1. Motorferdsel inkluderer bruk av minigravar/lita gravemaskin, minilastar og eventuelt helikopter.
Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. 4.3, 2.strekpunkt.

Vilkår for løyvet:

- Både inngrep og motorferdsel skal skje i samråd med naturoppsyn og/eller nasjonalparksforvaltninga. Mynde til å følgje opp og gje instruksar kan og gjevast til engasjert arbeidsleiar.
- Motorferdsel og inngrep skal haldast på eit minimum.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Rapport frå Utmarksressurs;
Restaurering av drifteveg mot Sunndalssætra i Jostedalsbreen nasjonalpark
- *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til motorisert ferdsle og oppgradering av driftevegen til Storesetra - Erdalen beiteland*

Bakgrunn

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal restaurere/utbetre driftevegen i Sunndalen, som går innover mot Sunndalssetra. Restaureringa skal skje i tråd med ein rapport som Utmarksressurs laga i 2016. Det er eit omfattande prosjekt, som inneber ei rekke mindre tiltak langs driftevegen. Det er nasjonalparkforvaltninga sjølv som står bak tiltaka.

Grunneigarar og gardbrukarar i Sunndalen har gjennom fleire år meldt om at tilstanden på driftevegen er dårlig og at det er risikabelt å drive storfe langs driftevegen. Det å få storfe inn på beite er viktig for å ta vare på kulturlandskapet. I tillegg er det å kunne nytte seg av utmarksbeite viktig for dei som driv med husdyr, sjølv i moderne produksjon. Bruk av utmarksbeite og kunnskap kring det er dessutan viktig kulturberar både i landbruket og naturforvaltninga.

Denne typen inngrep er normalt søknadspliktig i nasjonalparken, jamfør verneforskrifta. At det er nasjonalparkforvaltninga sjølv som står bak inngrepa, fritek dei ikkje frå sakshandsaming og kravet om dispensasjon/løyve. Gjennom ei sakshandsaming og eit eventuelt løyve får ein vurdert dei omsyna til naturmiljøet som skal vurderast, ein får vurdert miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, ein får sett viktige vilkår til eit eventuelt løyve og ikkje minst so får ein eit vedtak som kan klagast på. Klageadgang på avgjerder som det offentlege gjer er ein viktig del av norsk forvaltningspraksis.

Sjølv om det verkar litt ulogisk, so bør altso nasjonalparkstyret sokje seg sjølv om løyve til å gjennomføre prosjektet og tiltaka, med dei inngrep dei fører med seg. Ein må og gje løyve til den motorferdsla som tiltaket vil føre med seg.

Regelverk

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna *graving og påfylling av masse, (...), boring, drenering og andre formar for tørrlegging, (...) bakkeplanering, (...) og liknande* (verneforskrifta § IV, punkt 1.1). I punkt 1.2. står det at *eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggesikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast (...).*



I verneforskrifta punkt 1.3 står *Forvalningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til* (1. strekpunkt) - *bygge, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.* Formuleringa **m.m.** inkluderer i denne konteksten den gamle driftevegen.

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken, jamfør verneforskrifta pkt. 4.1. Likevel er det opna for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel til visse føremål, mellom anna: [...] - *motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m.[....]* (verneforskrifta pkt. 4.3, 2.strepunkt)

Her definerer vi naudsynt transport og bruk av motorferdsel i samband med utbetringa av stien innanfor denne regelen.

Nasjonalparkstyret har derfor heimel til å gje løyve til utbetring av driftevegen i verneforskrifta pkt. 1.3 og løyve til naudsynt motorferdsel knytt til tiltaket i pkt. 4.3.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Målet med restaurering av driftevegen er først og fremst å sikre og ta vare på det kulturminnet og den kulturhistoria som desse driftevegane representerer. Ein legg og til rette for at beitedyr kjem inn i området rundt Sunndalssetra for å beite og held kulturlandskapet der opent. I tillegg legg ein til rette for friluftsliv og trygg og god ferdsel innover. Dette er alle gode føremål som er i tråd med verneføremålet med nasjonalparken.

Både visse inngrep vil vere heilt naudsynt for å få gjennomført prosjektet. Bruk av motorferdsel i form av minigravar/lita gravemaskin og eventuelt helikopter til å flyge inn stein er og naudsynt for å få det til. Verken inngrep eller motorferdsel er noko ein skal ta lett på, uansett om det skjer i privat regi eller i forvaltinga sin regi. I denne saka vurderer vi det likevel slik at dei positive verknadane med tiltaket er større enn dei negative verknadane av inngrep og motorferdsel. Vi vil derfor råde styret til å gje dispensasjon til både inngrep og motorferdsel.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka (jamfør nml § 8) er særdeles godt. Utmarksressurs har laga ein grundig rapport som vurderer dei konkrete tiltaka som skal gjerast langs driftevegen, og kjem med fornuftige tilrådingar. Dette er dessutan eit område som forvaltinga kjenner godt gjennom ei rekke saker, synfaringar, tiltak og turar. Føre-var-prinsippet i nml § 9 kjem ikkje i bruk her.



Jamfør nml § 10 skal ein vurdere om tiltaket, inkludert eventuelle liknande tiltak i framtida, kan gje ei samla belastning som er større enn området kan tole. Her er det heller snakk om å ruste opp driftevegen slik at den toler belastning betre. So lenge tiltaket vert gjennomført på ein skånsam måte, vil ikkje tiltaket føre til auka belastning, men heller redusere effekten av belastninga.

Nml § 12 set krav til at ein skal velje mest mogeleg skånsame metode og lokalisering. Her er det viktige å gjere grundige vurderingar slik at rette metodar vert nytta på dei rette plassane, og at maskiner etc. vert brukt på ein skånsam og fornuftig måte. Då er det heilt avgjerande med tett oppfølging av dei som skal gjere jobben i felt. Statens naturoppsyn har her ei sentral rolle, og ein må ha tydelege retningslinjer for arbeidet. So lenge dette er på plass, er nml § 12 oppfylt.



Arkivsaksnr: 2018/1569-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 07.05.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	18/18	23.05.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterfrakt og vedlikehald på sel på Erdalssetra - Harald Berge

Innstilling frå forvaltar

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir nasjonalparkstyret med dette løyve til Harald Berge for større vedlikehald, samt endring av taket på selet til Gnr/bnr 23/1, på Erdalssetra i Stryn kommune.

Løyvet til ombygging gjeld på følgjande vilkår:

- Taket skal få nytt tekke, anten i form av torv, bølgjeblíkk, eller plank.
- Kledninga på selet skal bytast ut, men skal framleis være liggjande, slik som på veggane mot seltunet. Ved inngongspartiet kan kledninga være liggjande eller ståande, som i dag. Materialet kan være ubehandla/grånannde, eller mørkt brunt, liknande dei andre sela på setra. Kledninga skal *ikkje* være av typen «villmarkspanel».
- Vindauga som skal bytast ut må være småruta, ha same storleik og plassering som dei gamle vindauge. Dei to dørene skal ha same storleik, utsjänad og plassering som dei gamle. Det skal ikkje være vindauge i dørane.
- Dersom muren skal utbetrast, må den framleis være forblenda av den opphavlege gråsteinsmuren.

Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla (**umåla**) trevirke kan brennast i omnene i selet. Material som trengs til tiltaket skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken. Dette byggjeløyvet gjeld til og med år 2019.

Rapport og biletar vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til lågtflyging og landing med helikopter på Erdalssetra på følgjande vilkår:

- Inntil ti hiv/landingar med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.
- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.



- Flyginga kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Erdalssetra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løvvde talet turar.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna varslast pr. sms eller telefon.

Flygeløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet.

Saksopplysningars

Dokument i saka:

- Søknad med biletar frå Harald Berge frå april 2018.
- Telefon og e-postutveksling mellom Harald Berge og nasjonalparkforvaltar.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplan med tilhøyrande kart for Jostedalsbreen nasjonalpark, frå 1994

Søknaden

Harald Berge søker om omfattande vedlikehald av selet tilhøyrande gards- og bruksnummer 23/1 i Stryn kommune. Harald Berge eigde inntil nyleg denne garden der selet høyrer til, og no har garden skifta eigar til Per Ivar Skåre. Det er likevel Harald Berge som står som søker, då han skal gjennomføre arbeidet på selet.

Selet er bygget i 1950 og er om lag 33 m² stort i grunnflate (sjå biletet). Søker ønskjer å byte ut all kledning, byte ut alle fem vindauge og begge dørene. Søker vil også skifte ut eterntittaket, og leggje impregnert planketak i staden. I skildringa signert Per Ivar Skåre står det at «*Intensionen er å få fasaden så lik det opprinnelige som mulig*».





I telefonen har Harald Berge spurt om dei kan tinge vindauge frå produsent allereie før styret har handsama saka, fordi det tek tid å få produsert vindauge i denne same storleiken. Forvaltar gav tilbakemelding om at nasjonalparkstyret mest sannsynleg vil handsame denne saka som ein kurant sak, og at utskifting til nye vindauge med lik storlek og småruta glas har preg av *vedlikehald*, og ikkje *endring*.

Søkjær reknar med fem helikopterlandingar i juni og fem helikopterlandingar i august, for frakt av material og utstyr inn i nasjonalparken til arbeidet, og for frakt av avfall ut att. Dei reknar med å få gjennomført arbeidet i løpet av 2018.

Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i § IV, punkt 1.1: *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av bygningar (...).* I punkt 1.2., første strekpunkt står det: *Reglane er ikkje til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikk på staden, men ikkje endrast, bygjast om eller utvidast, (...)* Punkt 1.3, første strekpunkt, seier at *Forvaltningsstyresmakta (...) kan når særlege grunner ligg føre gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området, (...).*

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter m.m., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...).*»



Landskapsbilete på Erdalsetra, på www.fylkesatlas.no blir stølen kalt Storesetra. Det omsøkte selet ligg i ytterkanten, med ei raud pil for å markere plasseringa. Taka i bygningsmiljøet på setra varierer frå torv, bølgjeblekk, eterritt og plank.

Vurdering

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å ta vare på stølsmiljøa, som til dømes på Erdalsetra. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslinja for kulturminne og bygningar omtala slik: «*Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.*»

Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane er høgt, og forvaltar er godt kjent på Erdalsetra (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Vilkåret i forskrifta om at alle endringar på bygg skal være i tråd med byggeskikken på staden, vert vurdert av forvaltar til å være oppfylt ved byte frå eterritt-tak til planketak. Forvaltar har oppmoda søkjar til å søkje Norsk Kulturminnerefond, dersom søkjar ønskja å tilbakeføre taket til torv, men det vart ikkje vurdert som aktuelt.

Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla (målt, beisa, impregnert, m.m.) trevirke, og anna avfall som blir til overs, skal fraktast ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla trevirke kan brukast som brensel i selet. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Den samla belastinga av støy og uro frå helikopter vil vere merkbar i byggjeperioden, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Det er eit mål i



Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg. Den samla belastinga på Erdalssetra med tanke på helikoptertransport er lita.

Forvaltar har ikkje vore i kontakt med Stryn kommune eller Sogn og Fjordane Fylkeskommune om denne saka, då den bærer mest preg av ei vedlikehaldssak. Forvaltar legg den likevel fram for nasjonalparkstyret, då den innebær både motorisert ferdslle og byting av takmaterial. Jf. siste års erfaringar med byggjesaker i nasjonalparken vurderer forvaltar det er greitt å setje inn vilkår i løyvet om utforminga av selet i vedlikehaldsarbeidet. Søkjar ønskjer å gjere ferdig arbeidet i løpet av 2018, men forvaltar set frist til utgongen av 2019, i tilfelle vær – eller andre forhold skapar forseinkingar i arbeidet.



Arkivsaksnr: 2018/1568-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 14.05.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	19/18	23.05.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - fireårig løyve til helikoptertransport - Flatbrehytta

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, etter verneforskrifta sitt punkt 4.3, andre strekpunkt, til Flatbrehytta v/ André Øygard for motorisert ferdsle med helikopter for å fly proviant og utstyr til Flatbrehytta. Løyvet gjelder på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjelder for inntil 10 turar pr. år i fire år (frå og med 2018 til og med 2021).
2. Løyvet gjeld ikkje flyging i fellesferie eller helg, langhelgane i mai eller på andre offentlege fridagar.
3. All motorferdsle skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og skal ikkje uroe dyreliv eller friluftsliv.
4. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob.959 63 888) eller nasjonalparkforvaltaren skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
5. Nasjonalparkstyret skal ha ein skriftleg rapport om flyginga kvart år innan 1. desember.

Løyvet gjeld for helikoptertransport jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar må også hugse å innhente løyve frå Sogndal kommune og frå grunneigararar.

Søknaden

I søknaden datert 9. april 2017, med supplerande informasjon den 14. mai, søker André Øygard om fornying av helikopterløyve for å fly opp proviant, gass og ved til Flatbrehytta i Fjærland. Han søker om til saman 12 landingar pr. år, det same han har hatt løyve til tidlegare år, og skriv m.a. følgjande:

Flatbrehytta har de siste årene blitt utvidet og restaurert. Noe arbeid gjenstår innvendig, derfor vil det bli nødvendig med frakt av byggmateriale.



Det merkes en økende pågang for brekurs og turfolk som ønsker å bruke hytten og overnattdes. Derfor er det et stort behov for å frakte opp mer proviant, gass og ved.

For å kunne tilrettelegge bedre overnattingsmuligheter og kurstilbud vil det også være nødvendig med mer vask og renhold av sengetøy, sengetepper og gulvtepper. Siden hyttene har sengeplass til 23 personer vil det være helt nødvendig med helikoptertransport også til dette.

Det kan også vises til innsendte årsrapporter for flyging at helikopter ikke har blitt brukt mer enn absolutt nødvendig. Det har de 3 siste årene ikke vært behov for å nytte alle de tildelte 12 turene. Dette er fordi det varierer fra år til år hvor mye ved, gass, proviant osv. som ligger igjen fra året før.

Det er likevel et ønske at helikopterløyve på 12 turer som er gitt tidligere forlenges.

Av dagsturbesøkande er han usikker på talet ila ein sesong fordi ikkje alle skriv seg inn i gjesteboka, men han reknar med at ila sommaren 2018 vil det være om lag 80 personar på brekurs med base på Flatbrehytta.

Saksopplysningar

Flatbrehytta er ei populær og godt besøkt sjølvbetent (privateigd) turisthytte for fjell- og brevandrarar, med mange dagsturistar og brekurs. Dei to hyttane (steinbua og den rauden hytta) har til saman 23 sengeplassar. Majoriteten av turgåarane som går «Josten på langs» i mai går innom Flatbrehytta på veg opp eller ned frå breen. Øygard-familien, som driv Flatbrehytta, har tidlegare hatt løyve til helikoptertransport for frakt av proviant, ved, utstyr og søppel for periodane 1995-1998, 1998-2003 og 2004-2008, og 2009 -2013 då Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde forvaltningsansvaret for nasjonalparken. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav løyve til 12 turar pr. år i perioden 2014 – 2017.

Andrè Øygard har levert rapportar på den årlege flyginga kvart av dei siste åra innan fristen 1. desember. Dei siste åra har frakta med ved, proviant og gass fordelt seg slik:

2017: 8 landingar (6. september)

2016: 4 + 2 + 3 landingar (4. mai, 16. juni, 7. november)

2015: 6 + 1 landing (2. mai og 23. juni)

Tal landingar har årleg siste tre år vore mellom 7 og 9.

Lovgrunnlag

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter, klopper mm., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark slår fast at det vil bli gitt løyve til naudsynt motorisert ferdsel i samband med drift og vedlikehald av ope turlagshytter.



I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Flatbrehytta ligg ope til 994 meter over havet, med utsyn mot Fjærland. Det er store landskapsverdiar knytt til området, som også er viktig for friluftslivet. Fråveret av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i utmark generelt. Stort omfang av motorferdsel vil kunne vere uehdlig for både fugle- og dyrelivet og påverker naturopplevinga til folk på tur. Det er difor eit mål å avgrense motorferdsel i nasjonalparken til berre det mest naudsynte.

Forvaltninga har god kjennskap til naturkvalitetane i området og effektane av motorferdsel på dyreliv og friluftsliv. Den motoriserte ferdsla påverker friluftslivet i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner at vilkåra i løyvet reduserer påverknaden. Særleg langhelgane i mai kjem mange som går Josten på langs ned frå breen forbi Flatbrehytta, difor er det særskilt viktig å verne om disse helgane i tillegg til andre typiske friluftsdagar. Det er mykje friluftsliv i området (§ 8 og § 9), og vi vurderer det difor som riktig at den motoriserte ferdsla ikkje går føre seg i fellesferien, langhelgane i mai, i helge- eller heilagdagar av omsyn til turgåarar.

Kunnskapen om naturmangfaldet er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde), og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10) er akseptabel, då det ikkje er anna fast flyging i dette området enn til drift av hytta. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å frakte inn så mykje material til Flatbrehytta enn med helikopter. Sidan helikoptertransport er dyrt, vil truleg omfanget avgrense seg til det som er strengt naudsynt (§12). Alternativet er å frakte alt til fots, og det blir noko også gjort så langt det er, for mindre mengde utstyr.

I tillegg skal dei ansvarlege melde i frå til naturoppsynet/forvaltar før flyging, slik at vi unngår misforståingar. Med ein rapport i ettermiddag vil styret kunne vite kor mange turar som var naudsynte for transporten og korleis turane fordeler seg over sesongen (§ 8). Det er viktig at søker også innhentar løyve frå Sogndal kommune, noko som ikkje vart gjort i førra periode.

Naturmangfaldlova si § 11 vert ikkje vurdert som relevant for denne saka. Søkjar ønskjer å kunne fly opp til 12 gonger pr sesong, men dei siste tre åra har vist at det ikkje har vore fleire enn 9 turar. Forvaltar foreslår såleis å gje rom for inntil 10 landingar. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer å halde den motoriserte ferdsla på eit minimum, og forvaltar vurderer at 10 turar bør være romsleg til å kunne utføre dei turane søker treng, og at ved god planlegging av frakta bør ein kunne få god drift av hytta med 10 turar.



Arkivsaksnr: 2017/2023-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 08.05.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	20/18	23.05.2018

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - klagehandsaming av sak om storselet på Sunndalssetra - Andersbruket 17/3

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre aviser brevet frå Anders Folven datert 23.04.2018, med vedlegg frå Prètor Advokat, som klage, jf. forvaltningslova.

Nasjonalparkstyret tek såleis ikkje klaga opp til handsaming. Avvisinga av klaga er grunngjeve med at klaga kom inn over 20 veker etter klagefristen, jf. forvaltningslova § 29. Nasjonalparkstyret kan ikkje sjå at § 31 om oversittin av klagefristen gjev grunn til å ta opp saka til handsaming etter fem månader frå styret sitt vedtak.

Dette er eit nytt enkeltvedtak som har tre vekers klagefrist, jf. forvaltningslova.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- E-post frå Anders Folven datert 23. 04.18 med vedlagt tilsvær frå Pretor Advokat, signert advokatfullmektig Mari H. Gullikstad, datert 3.5.2018 (datert feil?)
- Signert bruksavtale mellom Anders Folven og Oppstryn skule datert 1.12.17, sendt til forvaltinga den 18. mars 2018.
- Dispensasjon frå Stryn kommune om riving/gjenoppbygging, datert 2.5.2018.
- Fleire dokument og e-postkorrespondanse ligg også på Fylkesmannen sitt arkiv, og kan utleverast etter ønskje.
- Styresak 22/17 og styresak 38/17 med utgreiing og protokollar:
<https://www.miljovedtak.no/VedtakS%C3%B8k/Resultat?OrdVedtakstittel=Andersbruket>

Saka vert vurdert etter:

- Forvaltningslova
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark



-
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
 - Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark
 - Naturmangfoldlova

I forvaltningslova står følgjande:

§ 29.(klagefrist).

Fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part. (...)

§ 31.(oversitting av klagefristen).

Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd

a) med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtaket ble truffet.

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik (vikar) sendte enkeltvedtaket til Anders Folven den 15.11.2018, etter at styret gjorde sitt vedtak i møte den 30.10.2018. Etter forvaltningslova er fristen for å klage på enkeltvedtak 3 veker fra det tidspunktet underretning om vedtaket er komme fram til vedkommende part. Klagefristen var såleis den 6. desember same år. Klagen fra Anders Folven med notat fra Pretor Advokat kom pr. e-post til forvaltninga den 23.04.2018, meir enn 20 veker etter at klagefristen var utgått.

Forvaltar viser til tidlegare saksutgreiing for å sjå hyttesaka i ein heilskap.

I protokollen frå sak 38/17 står følgjande:

Handsaming i møte

Styret ønskja å sikre at bygget ikkje fall ned, og var einstemmig innstilt på å gje løyve til riving og gjenoppbygging av storselet på vilkår at det blir ope for ålmenta.

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Anders Folven, til riving/gjenoppbygging av storselet til G/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune. Løyve til riving/gjenoppbygging av bygget vert gitt på vilkår av at:

- *Eit nytt storsel blir bygd identisk med eksisterande bygg, inkludert vindauge og dører.*
- *Eksisterande bygning blir fotografert frå alle vinklar på førehand og sendt til nasjonalparkforvaltaren.*
- *Alt rivingsmateriale skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak.*
- *Tiltakshavar inngår ein langsiktig avtale med eit turlag, turistforening, organisasjon eller ideell stifting om utleige av storselet for å sikre ålmenta si tilgang til overnatting på Sunndalssetra.*



Byggeløyvet for det omsøkte bygget gjeld til og med år 2019. Rapport og biletet vert sendt nasjonalparkforvaltaren ved avslutta prosjekt. Material skal lagrast forvarleg. Søkjar må også innhente løyve til prosjektet etter anna lovverk. Løyve til motorferdsle kan omsøkjast separat.

Forvaltar ba Folven skriftleg om oversending av inngåtte avtaler i e-post den 5. mars. Avtala med Oppstryn skule vart sendt over den 18. mars, og kom for seint til å bli framlagt for nasjonalparkstyret i sitt møte den 9. mars. Delar av styret ba likevel om ettersending av avtala etter møtet, og meinte då at avtala med Oppstryn skule ikkje oppfylte vilkåret styret hadde satt om å sikre ålmenta si tilgong. Enkelte av grunneigarane på Sunndalssetra fekk også oversendt denne avtala etter førespurnad til forvaltar.

I e-posten frå Folven, datert den 23.04.2018, står det m.a:

Viser til epost fra Ordfører Flo datert 26.03.18, undertegnede i hende/tilsentrat først 08.04.18, der det hevdes at vilkårene for oppføring av storselet bruk 17.3 på Sunndalssetra ikke er oppfylt. Viser til vedlagte dokument fra Pretor Advokater datert 23.04.18.

Jeg har også vært i kontakt med Miljødirektoratet i Trondheim ved Olav Nord-Varhaug. Kravet om allmenn tilgang til sel på Sunndalssetra er i strid med deres tidligere avgjørelse i forbindelse med bygg på Sunndalssetra. De opplyser om at det fortsatt er mulig å sende inn klage på vedtaket, jmf løyve av 15.11.17, selv om klagefristen er gått ut. Jeg ber om at det innledningsvis nevnte kravet om allmenn tilgang til storselet, utover den etablerte avtalen med Oppstryn Skole, bortfaller. Ønsker bekrefteelse på dette innen utgangen av denne uka.

Hvis ikke vil dette kravet bli klaget inn til Miljødirektoratet. Dette vil med all sannsynlighet føre til bortfall av kravet om offentlig tilgang til selet i sin helhet og da vil det også inkludere avtalen med Oppstryn Skole (og evt andre grupper).

Vurdering

For saksutgreiing og vurderingar av innhaldet i saka om storselet viser nasjonalparkforvaltaren til styresak 22/17 og 38/17 med tilhøyrande protokollar. I protokollane kjem også noko av styrediskusjonen i møtet fram.

E-posten av 23.04.2018 frå Anders Folven med eit tresiders notat frå Pretor Advokat, signert Mari H. Gullikstad, kom fem månader etter klagefristen. Notatet greier ut og stiller spørsmål om Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har heimel til å kunne stille vilkår om ei langsiktig avtale for å sikre ålmenta si tilgong til overnatting på Sunndalssetra. Forvaltar visar til vedlegget frå advokaten, her er likevel eit utdrag:

3.2 Saklighetsbegrensninger

Det må videre foreligge saklig sammenheng mellom godet som tildeles og de vilkår som stilles. Vilkåret kan altså ikke være begrunnet i utenforliggende hensyn. Hensikten bak vilkåret om allmenn tilgang synes å være at man ønsker å legge til rette for økt turisme i området, og har ingen sammenheng med hvorvidt det skal gis dispensasjon til gjenoppføring av den eksisterende bygningen.



Det kan synes som om nasjonalparkstyret etter å ha fått opphevet sitt vedtak om å bygge ny selvbetjeningshytte i området den 11.07.2017, nå i stedet forsøker å utnytte en privatperson for å oppnå sitt mål om økt turisme. Dette er klart usaklig og i strid med deres kompetanse.

3.3 Forholdsmessighet

Vilkåret må videre være forholdsmessig i forhold til det godet som oppnås gjennom tillatelsen. Bakgrunnen for søknad om løyve var at «Anders-bruket» har behov for slik omfattende renovering, og at man anså det mest hensiktsmessig å gjenoppføre bygningen fremfor å restaurere. Det presiseres at Folven har adgang til å gjennomføre restaurering av bygningen uten å söke tillatelse fra nasjonalparkstyret. Han vil således ikke få noen særskilt fordel av at det gis tillatelse til gjenoppføring, slik som for eksempel en tillatelse til oppføring av nytt bygg vil gi. Dette begrenser nasjonalparkstyrets adgang til å sette tyngende vilkår. Vilkåret om at «Anders-bruket» skal gjøres tilgjengelig for allmennheten er svært tyngende, og medfører et uhjemlet inngrep i eiendomsretten til Folven. Slike inngrep kan ikke gjøres uten at det gis kompensasjon for inngrepet.

Forvaltar har fått juridiske råd frå juridisk kompetanse i Miljødirektoratet, på heilt generelt grunnlag, om forvaltningslova sine føringar på klagefristar og klagehandsaming.

Forvaltar kjem ikkje med framlegg til nytt vedtak i ei eventuell klagebehandling. Dersom nasjonalparkstyret konkluderer med å gje klaga oppreising (handsame klaga sjølv om den er innkommen etter fristen), vil styret *ikkje* kunne lande på eit strengare enkeltvedtak, t.d. å trekke løyvet for riving/gjenoppbygging attende og avslå søknaden. Ved eventuell oppreising av klagen må styret vurdere, jf. forvaltningslova si § 31 bokstav b), 2. ledd om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre. Jo lengre sidan det har gått frå eit enkeltvedtak er gjort, jo høgare ligg lista for å ta opp klaga til handsaming.

Avvisning av ei klage, sjølv etter klagefristen på den saka det blir klaga på, er også eit enkeltvedtak med klagerett.

ST 21/18 Eventuelt